
Fra: Anne Lise Molvik
Sendt: tirsdag 8. desember 2020 08:49
Til: 'Hytteprosjekt i Storneset'
Emne: Svar på førespurnad - gbnr 214/32 Fyllingsnes

FileMailEnforce: 0

Hei Helge Magnus Erdal

Kommunen kan ikkje gje byggeløyve før løysing for veg, vatn og avløp er avklart. Det kan derfor vera føremålstenleg å avklara forholdet til avløp først slik Arkoconsult tilrår.

Kommunen kan gje rammeløyve på vilkår og så igangsetjingsløyve når vilkåra er innfridd. Det kan t.d. verta sett vilkår om godkjend avløpsløyving dersom dette er tilstrekkeleg avklart/sikra slik at rammeløyve kan gjevast.

Avkøyringsløyve til kommunal veg føl av godkjend reguleringsplan.

Vi gjer elles merksam på at tiltaket de planlegg krev dispensasjon frå byggegrensa mot sjø og at dette forholdet **må** avklarast før vi kan gje byggeløyve, sjå referat frå førehandskonferanse.

Spørsmål knytt til framdrift for VA-løysingar i hytteområdet må avklarast med avdeling for Miljø og tilsyn og Samferdsel, veg og VA forvaltning.

Byggesaksvakta gjev generell rettleiing i byggesaker.

Vennleg helsing

Anne Lise Molvik | Rådgjevar på byggesak

Telefon: 56 37 56 40

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: Hytteprosjekt i Storneset [<mailto:hyttoistorneset@gmail.com>]

Sendt: onsdag 18. november 2020 12:48

Til: Anne Lise Molvik

Emne: gbnr 214/32

Hei,

Gjelder hytteprosjektet i Storneset. Me er litt usikre på kva som beste veien å gå vidare.

Me har fått Arkoconsult til å sjå på saken og dei anbefalar å søkje om utslepp og avkøyring frå kommunal veg, først. For oss høyrer da litt løyve ut for me kan jo ikkje vera sikre på at me får byggjeløyve.

Kva meiner du er best å gjera først? Har jo óg høyrte om ein sånn rammeløyve, kan går det ut på og kan det vere ein fordel å starte med?

Utslepp: har snakka med Hogne Askeland, og han skulle kontakta deg angående påkopling kommunalt nett. Ser ut frå kart at det er ca 900 meter og ca 33 høgdemeter frå hyttetomten og bort til Nystøltunet, så det er vel litt urealistisk å koble seg til der?

Mvh

--

Helge Magnus Erdal, 911 71 229
Storneset hytteprosjekt

Alternative kontaktpersonar: Nina Erdal 458 85 096, Jan Gausvik 412 33 831, Kristina Erdal 417 96 060